



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 19.06.2017
Vår ref.: 2017/4136-5
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til høyring av reguleringsplan for Hellesneset næringsområde, Hjelmås - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 5.mai 2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Hellesneset næringsområde, gnr. 202, brn. 42 m.fl. Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er næring, bustad, naust, kai og hamneområde i sjø. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 11.november 2014.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no.

Vurdering

Reguleringsplanen som ligg føre legg opp til betra løysingar for eksisterande næringsområde med mellom anna ny kaifront, fornying av bygningsmassar, parkeringsplass m.m. Det ligg i dag eksisterande næringsbygg, naust og bustadhus innafør planområdet.

Strandsone

Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona og dei arealpolitiske retningslinjene i fylkesplan for Hordaland.

I kommuneplanen er det sett byggjegrænse i strandsona innafør areal sett av til bustad. Gjennom reguleringsplanen vert arealføremål for bustad trekt heilt ned til strandsona. Vi ber om at arealføremål for bustad vert avgrensa lik den byggjegrænse som er sett i kommuneplanen slik at arealet mellom sjøen og den bustadområdet vert sikra sett av til grøntstruktur.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av reguleringa. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld strandsone. Vi ber om at merknaden vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland